

PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 64. ÅRGANG, 2025



«NO STIG VÅR SONG»

1 NO STIG VÅR SONG, VÅR TAKK TIL GUD
FOR DENNE GODE VERD,
FOR HAVETS SALT, FOR REGN OG SOL
OG HIMLENS STJERNEHÆR.
VI TAKKAR DEG FOR STORM OG FROST,
OG SNØ SOM FELL SÅ STILT MOT JORD.
VI TAKKAR FOR DEN MØRKE NATT,
OG VÅRENS TID, FOR ALT SOM GROR.

2 NO STIG VÅR SONG, VÅR TAKK TIL GUD
FOR NÅDENS KORTE TID.
DA SKAPTE DU VÅR VAKNE SJEL
SOM LID NÅR ANDRE LID!
DITT TÅLMOD LINDRAR GAMLE SÅR,
MEN DAGLEG BLIR DIN SKAPNING KRENKT!
LA RETTFERD FYLLE TUSEN ÅR!
TRØYST VÅRE BARN, MØT DEIRA LENGT!

3 NO STIG VÅR SONG, VÅR TAKK TIL GUD
FOR DENNE HEIM, VÅR JORD,
MED BARNESMIL OG VOGGESONG
OG HEITE KJÆRLEIKSORD!
VI TAKKAR FOR KVAR NYFØDT DAG
DA VÅRE SANSAR OPNAR SEG,
FOR TANKENS GLANS, FOR HJARTESLAG
OG ALLE UNDER PÅ VÅR VEG.

4 NO STIG VÅR SONG, VÅR TAKK TIL GUD
FOR HAN, SOM ER VÅR FRED.
NÅR KRISTUS SPRENGER DØDENS ROM,
FELL SISTE STENGSEL NED.
DA STIG VÅR SONG, VÅR TAKK TIL GUD
FOR SPOR PÅ STRAND, FOR BØLGJERS SLAG:
KOM NATT, KOM SØVN, KOM MORGONGRY,
KOM, EVIG SOMMARS LYSE DAG.

*Nr 854 i Norsk salmebok
Tekst: Edvard Hoem*



Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre
 Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge, Marit Hegde og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

FRAMSIDE: Rogne sokneråd har vedteke å bruke apostelbrød baka av Magny Karlberg ved nattverd i Rogne kyrkje. **FOTO:** Eli Vatn

BAKSIDE: **FOTO:** Saskia Aleida Van Veen

 **DEN NORSKE KYRKJA**
ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang,
 Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes
 E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
 KONTORTID: Alle dagar 10-14

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARB.: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 513422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
 Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
 Reinhaldar: Synnøve Rødningen
 Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
 Kyrkjetenar: Svein Hegge
 Reinhaldar: Svein Hegge
 Soknerådsleiar: Lene Viste

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
 Kyrkjetenar: Harald Melby
 Reinhaldar: Harald Melby
 Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
 Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
 Reinhaldar: Svein Erik Rogne
 Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Ein prest kryssar sitt trusopplæringsspor



Det går to tydelege kristne spor i historia vår. Det eine sporet syner kva rolle kyrkje og kristendom har hatt for utviklinga av det norske samfunnet, kva verdiar, forteljingar, rituale og religiøs praksis som har danna folket og landet sine felles verdiar. Kyrkje og kristendom har spelt ei sentral rolle i utviklinga av demokratiet og det offentlege helse- og skulevesen. I dette sporet har personlege val ikkje vore noko mantra eller poeng, sjølv om menneska har blitt prega av kyrkja som ein del av overbygninga/verdiforidlinga i samfunnet. Dette sporet kan eg kalle «folkekyrkje-sporet».

Personleg val og forhold til Gud har derimot vore essensielt i lekmannsrørsla og frikyrkjene, som til dels har vore i opposisjon til kyrkja i si offisielle rolle. Eg vil forenkla kalle det «personleg kristen-sporet.» Dette sporet i kyrkja var saman med Human-Etisk Forbund drivarar i skiljet mellom stat og kyrkje. For dei alle var religion ei privat sak, og kyrkja skulle rå seg sjølv, og ein såg for seg at ho var noko ein kunne skilje frå staten. Kyrkja si rolle gjennom danning og vedlikehald av dei verdiane som har skapt det norske samfunn, vart usynleg i dette sporet, og religion vart noko foreldre hadde rett og plikt til å ta stilling til på vegne av ungene sine.

Synet på religion som noko privat og personleg førte ikkje berre til skilje mellom stat og kyrkje, men og at skulen ikkje skulle drive forkynning. Dette hadde ikkje berre konsekvensar for mengde stoff om kristendomen i skulen, men det førte også til at dei pedagogiske verkemidla som elles er så viktige; engasjement og deltaking i det du skal lære, vart «forbode». Det vart som du skulle lære om gangetabellen utan å øve på gangestykkene. Om ein skulle kunne synge Deilig er jorden eller Fagert er landet, vart eit problem. Formidling av viktige kulturberarar vart problematiske.

Ansaret for å formidle den kristne kulturen og verdsarven vart hengande i lause lufta. Det er meir enn eit privat ansvar foreldre har i høve til sine born. Det har historisk vore eit samfunnsansvar ivareteke også av skulen og kyrkja. Eg oppfattar det ikkje slik at kravet om å få ansaret for å formidle den kristne kulturarven har kome frå foreldre i «folkekyrkje-tradisjonen». Her har ein kvilt godt i at dette tek skule og kyrkje seg av saman.

No merkar eg at vinden snur litt, berøringsangsten med kristendom avtek litt. Ein er rundt omkring blitt meir merksam på kva den kristne verdiarven har å seie for landet vårt. Det er eg glad for. Vi er heldige her i Øystre Slidre med stor oppslutning om den opplæringa vi tilbyr dei unge. Eg har likevel lenge kjent på at vi ikkje når på langt nær alle, og det er eit stort ansvar om det berre er foreldre til enkelte ungar og vi i kyrkja som har ansaret for å formidle den store rike kristne arven. Då vert vi fort historielause. Men som sagt, når eg ser det frå enden av prestesporet mitt, synest eg det lysnar.



Stor stemning rundt pizzaen på fjorårets Lys Vaken.




Redsle og glede

AV: **BISKOP OLE KRISTIAN BONDEN**
 FOTO: **LARS MARTIN BØE**

Det er noko som bryt gjennom på påskedagen! Noko vi ikkje rår over. Noko vi ikkje kan kontrollera, eller rett forstå. «Kristus er oppstaden. Ja, han er sanneleg oppstaden!»

«Kvinnene skunda seg bort frå grava, redde, men jublande glade», fortel Matteus, og dei sprang for å fortelje det til disiplane. Det er dette todelte, redsle og glede, eg vil stanse litt ved. Det er jo dette som er verkeleg. Men ei ny verkelegheit bryt gjennom. Og den røsla ho skapar, er også vår verkelegheit. Trua på oppstoda blir ei drivkraft til håp og kjærleik. Denne drivkrafta gjer at vi – midt i alt som er – faktisk kan tru på Guds kjærlege nærvær. Fordi det har brote gjennom, i Jesu oppstode.

I Septologien av Jon Fosse fortel han om målararen Asle. Asle har måla eit bilete som forteljinga stadig vender attende til. Det er to strekar som kryssar kvarandre. Ei brun og ei lilla på eit kvitt, blankt lerret. Det er eit kors. Eit skjeringspunkt. Og eg ser for meg korleis dette enkle korset bryt gjennom eit bilete som ville vore heilt tomt utan dei to strekane. Og i si meditative, gjentakande form, fabulerer forfattaren gjennom Asle om Gud som ikkje kan fattast. Som ikkje kan fangast i ord, for Gud er alltid ein annan enn dei namna vi gir han.



Jesu oppstode, Rogne kyrkje. Foto Eli Vatn.

Men så synest han nettopp å kunne kjenne att Gud i eit slags «fråverande nærvær», som han kallar det. I Gud sitt fråvær anar han nærværet av Gud. Eller når han målar, ser han biletet som lys og mørke, og han seier:

«Alltid er det mørkeret i biletet som lyser mest, og eg tenkjer at det kanskje er av di at det er i fortvilninga, i mørkeret, at Gud er nærast, men korleis det lyset eg tydeleg nok målar, kom inn i biletet, nei ikkje veit eg,

korleis det kjem til, nei, det skjønar eg ikkje...»

I mørkeret anar han lyset. Og slik kunne vi halde fram: I det tomme anar vi fyllden. I einsemda anar vi fellesskapet. Han prøver å nærme seg det inste biletet i seg sjølv – som er Gud. Sjølv om han er varsam med å bruke namnet Gud. Men mennesket er skapt i Guds bilete, og ber Guds bilete i seg.

Da Maria Magdalena og den andre Maria kom til grava, var det framleis mørkt. Sorga var botnlaus. Fråværet uendeleg. Døden så endeleg. Alt dette kan vi forstå. Og tomleiken var ikkje berre ei indre kjensle – også grava var tom. Jesu kropp var borte.

Det er noko nytt som bryt gjennom på påskedagen. Aninga av Gud i fråværet, tomleiken, mørkeret og døden blir forankra i noko fast. Det blir forankra i Jesus Kristus sjølv. I korset. I hendinga. I evangeliet: Frykt ikkje: Kristus er oppstaden. Føter spring med bodskap om glede. Ei røsl. Jesus synt seg for disiplane, og han syner seg for oss – som røyndom i vår røyndom. Som det kjærlege nærværet av Gud. Og som Gud sin nærverande kjærleik.

God påske!

Mytar og forteljingar



Eg har bede med meg Anne Nora Alund på vandring for å sjå litt meir på verdien av mytar og forteljingar. Det er få eg kjenner som er så glade i mytar og forteljingar som ho. Vi tek vegen om gamle sjukeheimen og ned til Furustrand.

I litt andpusten prat oppover mot sjukeheimen prøver eg meg på ein definisjon:

- Ein myte er ei gamal forteljing som gjerne har overlevd i lange tider fordi den greier å seie noko overordna i tider eller situasjonar der det kan vera vanskeleg å løfte blikket og sjå meining eller kva som er godt eller gale.

- For meg er språket i mytane og forteljingane så viktig, seier Anne Nora. Det hjelper meg å setje ord på eller klargjere det eg kan fornemme. Mytar treng heller ikkje vera gamle. Og så høyrer dei gjerne til i eit fellesskap, den familien, eller gruppa eller landet dei blir formidla i. Eller i ei gudsteneste. Og så er det ikkje alltid alle eig dei same forteljingane.

- Ja, det er spanande, ikkje minst når vi vert ein meir fleirfarga nasjon kulturelt og religiøst.

Vi har kome ned til dagsturhytta på Furustrand og set oss godt til rette med god utsikt over vatnet.

Eg har alt i invitasjonen til vandra antyda at eg kunne tenke meg å drolle over forteljinga om Babels tårn. Ei forteljing eg tenkjer er ein aktuell myte for vår tid.

Første mosebok 11.1-9:

Heile verda hadde same språk og same ord. Då dei braut opp frå aust, fann dei ein brei dal i landet Sinear og slo seg ned der. Dei sa til kvarandre: «Kom, så lagar vi teglstein og brenner dei harde!» Dei brukte tegl til byggjestein og jordbek til å fuga med. «Kom», sa dei, «lat oss byggja ein by og eit tårn som når opp til himmelen, og skaffa oss eit namn så vi ikkje blir spreidde ut over heile jorda!»

Då steig Herren ned for å sjå på byen og tårnet som menneska bygde. Herren sa: «Sjå, dei er eitt folk, og eitt språk har dei alle. Og dette er det første dei gjer! No vil ingen ting vera umogleg for dei, same kva dei set seg føre. Kom, lat oss stiga ned og forvirra språket deira så den eine ikkje skjønar den andre!»

Så spreidde Herren dei derifrå ut over heile jorda, og dei heldt opp med å byggja på byen. Difor kalla dei han Babel, for der forvirra Herren språket for heile jorda. Og derifrå spreidde Herren dei ut over heile jorda.

- Eg skjønar at du synest forteljinga kastar lys over mediesamfunnet, byrjar Anne Nora.

- Ja, det minner meg om mediesamfunnet, svarar eg. Det som vi på ein måte kunne seie famnar dei fleste av oss, og kan hende hadde skaparane ideelle gode tankar om at vi skulle kunne knytte oss til kvarandre via noko så enkelt som Facebook eller Instagram- som om vi fekk eitt språk igjen. Men så fungerer det ikkje slik. I desse media vert skiljet

mellom sant og løgn viska ut, og då oppstår desse ekkokamra der du berre får bekrefte dei tankane eller interessene du sjølv har, og så vert skiljet mellom oss berre større. Vi klarer ikkje å bli einige om kva som er sant eller usant, og dei politiske ordskifta blir berre meir og meir polariserte. Eg trur Guds redning for oss er at vi er så nær at vi kan sjå kvarandre inn i augo og kjenne at vi er ærlege.

- Ja, seier Anne Nora. Når eg ser for meg sletta eller den breie dalen i Sinear, ser eg for meg den fruktbare marka som no vert lagt i ørken for å huse Google eller andre sine databasar.

Det står at Gud kom ned for å sjå på dette. Eg ser for meg at han kom ned for å kontrollere bygginga. Han likte ikkje det han såg og var sint. Det er understreka ved handlinga; at han forvirra språket deira. Kva kan vi tenke om Gud sitt sinne? lurer Anne Nora på.

- Eg har syntest at forteljingane om Gud sitt sinne har vore vanskeleg, svarar eg. Eg synest at Gud burde vera berre mild og god. Trugsmål om- og hendingar tolka som Guds straffedom har dessutan vore uheldige både for folk og for vårt forhold til Gud. I min moderne måte å sjå på verda på har eg gjerne tenkt at det er slik at Gud har lagt nokre lover ned i skaparverket, og når vi ikkje tek omsyn til dei, så slår det tilbake på oss sjølve.

- Som med vêret, for eksempel, skyt Anne Nora inn. Det har vore nokre fæle vindar som har slått ned store skogsområde. Gud kan verke sint, og så sit vi på Yr og trur vi er herre over vêret!

- Ja, kva skal vi tenke om det, lurar eg? All forskning og debatt

rundt klimaendringar kan vera forvirrande å ta inn over seg. Er det lettare å gripe at Gud er sint?

- Ja kanskje; for berre nokre generasjonar sidan tenkte dei at Gud var sint, og kanskje var det enklare å gripe det heile ved å sjå det slik. Myten eller forteljinga si styrke er at dei kan vera enkle og lette å gripe, og setje ord på eit heile som vi kan klare å ta til oss.

- Ja, seier eg, innimellom kan det vere herleg å tenke at Gud vert sint, at han faktisk bryr seg og av og til ordnar litt veg i vellinga.

Vi sit der ganske tett overfor kvarandre.

- Eg har og så stor tru på å bli lese for, seier Anne Nora. Det gjev tryggleik og kjensle av å høyre til. Eg gledar meg til no å bli lyttevenn ved Lidar skule.

- Ja, og det er noko nært og tillitsbyggande, skyt eg inn før Anne Nora fortset.

- Når eg høyrer forteljingane står dei liksom der og dorrar, som om det vert litt tynt mellom det verkelege og kall det gjerne fantasien, som om dei smeltar saman, og verda blir fortrylla. Det er noko med språket og: Dei store orda som vakkert, kjærleik og heilag høyrer til og kan brukast der utan å verke kleine eller bli for store.

Tida renn ut for oss, vi går ut igjen, og på veg heim fortel Anne Nora meg starten på eventyret om dei 22 furuene på Furustrand.....

Snipp snapp snute denne gongen, og takk for turen, Anne Nora.

MIN SALME

Måne og sol



Når eg no er blitt bedt om å nemne ein salme som eg har eit spesielt forhold til, så er det salmen "Måne og Sol" som dukkar opp hos meg. Denne fine og lette salmen minner meg om den tida eg var barn og fekk reise på sommarleir på Åreld i Tisleidalen, eg var der faktisk i 7 år på rad. Det var mykje sang når det var samlingstund, og da var denne salmen ein av dei me likte aller best, og han var spesielt fin som tostemt.

Det var Santalmisjonen som arrangerte leiren for born og ungdom. Det var ei fin veke der ein treffe både klassekameratar og venner, og ein knytte nye venskapsband. Det var gode opplevingar med aktivitetar, leik og moro. Det var spennande å bu saman med både kjente og ukjente på firemannsrom. Det var eit hus for jenter og eit for gitar, og eg meiner at her var det ganske strengt skille.

No er eg vorte bestemor til tre, og Alma på to år er også glad i denne salmen, og ho syng med på sangen. Det er fint med salmar som er så enkle at alle kan vera med å syngje.

- Berit Hyseth Østlund

1) Måne og sol, skyer og vind og blomster og barn skapte vår Gud. Himmel og jord, allting er hans, Herren vår Gud vil vi takke.

Refr.: Herre, vi takker deg, Herre, vi priser deg, Herre, vi synger ditt hellige navn!

2) Jesus, Guds Sønn, død på et kors for alle, for oss, lever i dag.

Ja, han er her, ja, han er her, Herren vår Gud vil vi takke.

3) Ånden, vår trøst, levende varm og hellig og sterk, taler om Gud, bærer oss frem dag etter dag. Herren vår Gud vil vi takke.

NOS 240

Tekst: Britt G. Hallquist (svensk teolog)

Melodi: Egil Hovland

Gamle kristne tradisjonar

I dei fylgjande fire nummera av kyrkjebladet vil vi ta for oss gamle tradisjonar brukt i kyrkjelege handlingar.

TEKST: INGRID MEYRICK, MARIT HEGDE OG MAGNY KARLBERG

Nattverd

Sidan dette er påskenummeret, vel vi å starte vår omtale av gamle kristne tradisjonar med nattverden.

Påskemåltidet er kanskje verdens eldste og mest kjende bordfellesskap. Jesus og disiplane var skjærtorsdag samla til påskemåltid i Jerusalem. Dei feira måltidet slik det jødiske folket gjennom generasjonar før dei hadde feira. På denne fridomsfesten var det at Jesus tok brødet og vinen og stifta nattverden slik vi kjenner til den i dag. Han ga påskefeiringa eit heilt nytt innhald og let apostlane forstå at dette måltidet var viktig.

I alle år sidan har kristne feira dette måltidet, ikkje berre kvar påske, men ofte elles også når dei var samla.

Vi feirar i våre kyrkjer med ein spesiell liturgi der presten les opp frå teksten om den fyrste nattverden i det nye testamentet, og det blir delt ut små «oblatar» og vin i små beger.

Desse oblatane blir baka på Diakonissehuset i Oslo. Dei er dei einaste i Norge som lagar desse, og dei har halde på heilt sidan 1888.



Kalk og disk frå Hegge kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen.

I gamal tid var det kanskje slik at nattverdsbrødet vart baka heime, så vart det take med til kyrkja, særleg i samband med påska. Dei oblatane vi kjenner i dag, vart ikkje brukt i kyrkjene på landsbygdene før langt ut på 1900-tallet. I historia til Diakonissehuset står det at baking av nattverdsbrød ofte var ei oppgåve for prestekonene. Det var nok ulike tradisjonar rundt dette. Det er ikkje mykje å hente lokalt her i Valdres om korleis nattverden vart feira her i gamal tid, men Magny Karlberg fortel at ho fann ei oppskrift på «nattverdsbrød» etter oldemor si, Marit Skrebergo f. Okshovd.

Ho fortel også at i kyrkja i Rogne finst det ein brødbutt som det blei oppbevart brød til nattverden i.

Folk brukte berre usyra brød fram til langt fram på 1900-tallet. På landsbygda vart det gjerne steikt på takke eller i jern.

Magny har sjøl fått laga eit jern, og ho har prøvd å baka brød etter oldemora si oppskrift. Røra bestod av vatn og mest byggmjøl, og det var ikkje lett å få brøda til å henge saman.



Brød baka av oldemor si oppskrift i eit jern som Magny har fått laga. Foto: Marit Hegde.

I Gudbrandsdalen er den gamle kakesteikinga i forskjellige jern halde meir i hevd enn det vi kjenner til her i Valdres. I Lesja har dei endåtil registrert alle jern som er funne rundt om i heile kommunen. Dei har samla alt dette i ei bok der dei også prøver å finne ut korleis denne spesielle steikinga oppstod, og dei har kome nesten heilt attende til Jesu tid. I Nord-Syria budde hetittane, som var eit høgt utvikla kulturfolk. Dei var kjende for utvinning av jern, og smeden var ein høgt verdsett handverkar. Det eldste kakejernet er funne i Kartago og er tidfesta til 5-600 talet etter Kristus og har eit tydeleg religiøst preg med inskripsjon av Kristus-monogrammet.

I samband med opprettinga av kloster i Norge på 1100-talet, tok dei truleg i bruk oblatjern etter europeisk mønster til produksjon av nattverdsbrød.


At desse jerna vart mønster for smedar utanfor kloster og kopierte til verdsleg bruk, er svært truleg. No til dags er desse jerna mest kjende og brukte når vi bakar til jul eller i andre spesielle samanhengar. Vi finn dei i forskjellige variantar rundt om i bygdene våre til baking av vaflar, goro, krumkaker, skrivarbrød, avletter og mange andre. Det er uvisst om desse brøda vart brukte i sjølve nattverden, men det er tydeleg at dei har religiøs tilknytning.

Ingrid Meyrick har også eit jern som skal ha kome frå Sør-Aurdal og er ein kopi av eit gammalt jern.

Her ser ein tydeleg at det er prega inn orda: «Soli deo gloria» som betyr: «Æra høyrer berre Gud til». Dessutan ser vi at det er tolv menn prega inn på den eine sida av jernet. Dette er dei tolv apostlane. Det er også nemnt som eit «aposteljern».



Båe sider av gammalt jern frå Sør-Aurdal. Foto: Liv Sloreby Stenersen.



Jern frå Ranheimsbygda. Foto: Magny Karlberg.



Mønster i jernet og brød frå aposteljernet frå Ranheimsbygda. Foto: Magny Karlberg.

Slike aposteljern finst det sikkert fleire av, og Magny har fått take bilete av eit flott eksemplar som truleg er frå 1700-talet. Det har vore på Jordet i Ranheimsbygda, noverande eigar er Line Næss.

Det hadde vore interessant å høyre om det er nokon av lesarane våre som kjenner til slike aposteljern og tradisjonane rundt dei.

Oppskrift nattverdsbrød, apostelbrød, etter Marit Skrebergo (1864-1958)

1 pøtt vatn
1 pæl fløyte
Mjøl til passe røre

1 pøtt er ein snau liter
1 pæl er ¼ pøtt

Basar i Rogne kyrkjestogo

TEKST: MARIT HEGDE FOTO: WENCHE MELBYBRÅTEN

13. mars hadde vi basar i Rogne kyrkjestogo. Det vart moro! Det var «stinn brakke» med meir enn 70 frammøtte. Vi hadde fått inn så mange gevinstar! Tusen takk til alle rause folk som har gjeve. Vi veit ikkje kven alle er, men ingen nemnt, ingen gløymt. De har bidrege til at det kom inn til saman meir enn 63000 kroner! Takk også til alle som har teke lodd!

Martha Viken opna basaren med å

lesa diktet som vart laga til opninga av kyrkjestogo i 2002, Eli prest fortalte om alle aktivitetar og samlingar som har vore i huset og smanlikna det med alle romma i himmelriket. Prosten fortalte "røvarhistorier" frå ungdomstida, og sist, men ikkje minst, Emil Bergene og Ole Matias Aarøen Haugen spelte feiande flott på torader. Heile forsamlinga song så taket nesten løfta seg i allsongen.

Mange loddbøker har vore i sving, og vi hadde to rundar med årsal på basaren. Det ville ingen ende ta, nesten. Det var mange som vann og mange som ikkje vann, men stemninga var god. Og det var kaffi, te og gode kaker, men det var så intenst og spennande under trekningane at me nesten ikkje hadde tid til å nyte.

Takk for ein flott kveld, og takk til soknerådet og basarkomiteen for arrangementet!



Julefest

TEKST: LIVE ROBØLE - Øystre Slidre Røde kors omsorg FOTO: GRO LUNDBY

6. januar var det julefest på Tingvang. Sokneråda i bygda i samarbeid med Røde Kors Omsorg sto for festen. Et flott juletre tronet midt i Storsalen og småbord var koselig dekket rundt. Til tross for guffent vær kom det mange - store og små. Eli ønsket velkommen. Elever fra Kulturskolen underholdt. Det var flott å se og høre hvor flinke og ivrige de unge er.

Julepregang er jo en selvsagt post på en julefest. Vi måtte ha tre ringer,

og enda ble det litt trengsel. Nå var vi kaffetørste. Sokneråda hadde bakt og kokt kaffe. Så kom de Hellige Tre Konger med en liten julehilsen til alle de små. Det var årets konfirmanter som hadde den jobben.

De små blir fort ferdig med kake og brus. Derfor hadde Røde Kors Omsorg sørget for ulike aktiviteter i kaffesalen. Slik kunne de voksne få prate litt i fred. Det var tegnesaker, lego, perling å velge, og ikke minst ansiktsmaling. Da var det

godt å ha årets konfirmanter til hjelp. For dette var noe de syntes var moro å drive med, de også. Stor takk til de flotte ungdommene som gjorde en kjempejobb i kaffesalen. Vi voksne var nesten overoppsynet. Vi hadde bare det store overoppsynet.

Til slutt gikk vi noen ganger til rundt juletreet før vi kom oss ut i kulden, fikk måkt snø av bilene og kom oss hjem. Vi følte at vi hadde hatt en riktig koselig kveld, og at alle gjestene syntes det samme.



Kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

TREKORS I VOLBU STAVKYRKJEMUSEUM

Eit gravminne er ein minnegjenstand i stein, jern eller tre, sett opp ved ei grav. Vanlegvis er det med eit symbol, namn og årstal, og ofte eit kort minnesitat. Heilt sidan før-kristen tid har nordmenn sett opp gravminne. Men først i mellomalderen vart det anlagt kyrkjegardar kring kyrkjene, og gravminne vart meir vanleg. Nokon fekk fine forseggjorte trekors, medan andre hadde enkle trekors eller berre eit trestykke. På 1700-talet var liggande gravminne vanleg, oftast i stein. (Kjelde: Wikipedia)

Inne på stavkyrkjemuseumet i Volbu er det take vare på nokre gamle trekors. Eg hadde lyst til å vite litt meir om personane bak desse gravminna, og fekk onkel Olav Onstad til å hjelpe meg. Han tyda den gamle skrifta og fann litt meir opplysningar om kvart einskilt trekors.

Tre trekors

"Herunder hviler Legemet af konen Marit Gulbrandsdatter Strande, føt 30de september 1808, død 24de mai 1885".

Marit Gudbrandsdatter var dotter til Gudbrand Gudbrandsen Onstad og Marit Olsdotter Skattebu. Foreldra var husmannsfolk i Jordeplassen (eller Onstadjordet), og her voks Marit opp.

Ho var gift med Ole Nilsen Klevebråten, 1805-1852, og dei slo seg ned som plassfolk på Strandeplassen, ein plass under Søre Strande. Mannen til Marit døydde tidleg, og barna, med unnatak av sonen Nils, reiste til Amerika.


Sonen Nils kjøpte i 1871 garden Søre Strande, og han og mora flytta dit. Marit budde på garden til ho døydde i 1885.



"Kari O. Jørstad født 29de desember 1819 død 27de mars 1900".

Kari var gardmannskone på garden nordre Jørstad etter at ho vart gift med Nils Nilsen Jørstad, 1817-1887.

Ho var barnefødt på nedre Veningstad av foreldre Ole Olsen Veningstad, 1779-1851, og Guri Olsdotter Jørstad, 1796-1854. Kari var nr 4 i ein barneflokk på 13 barn. Sjølv fekk ho og Nils 9 barn på garden nordre Jørstad.



"MGD Onstad fød til verden 15. april 1749 dødde 1. desember 1823".

Marit Gulliksdatter Røn var født og oppvaksen på ein av Røn-gardane i Vestre Slidre. Foreldra hennar var Gullik Rønjussen Røn, født 1712, og Marit Johannesdotter Ulvestad, født 1723.

Marit vart gift med Gudbrand Pedersen Onstad på garden Onstad nordre. Saman hadde dei 7 born. Men etter at mannen Gudbrand døydde i 1786, gifta Marit seg om att med Knut Torgeirsen Reien, og dei fekk 2 barn.

Marit og nye mannen Knut dreiv garden til eldste sonen til Marit, Peder, kunne overta. Foreldra til Marit vart i 1771, etter eit gardbyte, gardfolk på garden øvre Nordtorp. (Marit Gulliksdatter var bestemor til Marit Gudbrandsdatter Strande).



ALLE FOTO: SASKIA ALEIDA VAN VEEN

4 Utdeling av års-bøker

TEKST: MARIT HEGDE
FOTO: MARIANNE STRAUM

Søndag 12. januar i Rogne kyrkje.
Det var nesten fullt i kyrkja, med mange glade og spente ungar. Teksten handla om Noa som samla familien sin og to av kvart slag av dyra på jorda – før den store flaumen.

Og så! Alle ungene fekk kvart sitt dyr – elefantar, apekatter og til og med ein drage! Dei samla seg i båten midt i kyrkja – Vi sang «Ro, ro ro din båt» og «Min båt er så liten..», og vips var alle med, også dei vaksne, for heile kyrkja er jo eit skip!

Det var ei fin oppleving denne sundagen, også for ein vaksen (som ikkje fekk noko dyr å halde i). Vi lærte også at regnbogen, som vi brukte under pandemien som teikn på håp, kjem frå forteljinga om Noa. Regnbogen viste seg då dei vart redda frå flaumen.

Takk til Eli, Marianne og alle ungene for turen!



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I ROGNE KYRKJE 12. JANUAR:
Frå venstre: Jostein Kjærstad, Ansgar Sigvall Grobakken, Morten Furulund, Marcus Grydeland, Marit Moen Bredesen, Erling Rabben Lundby, Abel Fjeld, Maja Sofie Myrvang



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I LIDAR KYRKJE 12. JANUAR:
Frå venstre: Mikkel Hoel Bang Johansen, Tiril Vandsemb Lykken



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I VOLBU KYRKJE 26. JANUAR:
Frå venstre: Sigurd Rogne, Tina Gullaksen, Eivor Rogne

Takk for innsatsen!

AV: ELI VATN



Martha

Martha Viken har sett sitt preg på mykje i Øystre Slidre i si livsgjerning, også i kyrkja. Lang og tru teneste som klokkar i si tid, og som medlem av redaksjonen i «På kyrkjeveg» heilt sidan 2014.

Med godt språk og observant blick har ho referert frå så mange større og mindre hendingar i det kyrkjelege livet. No seier ho takk for seg, og vi kvitterer med vårt hjartans takk! Vi kjem til å sakne innlegga dine i bladet og idéar og refleksjonar på redaksjonsmøta. Foto: Eli Vatn



Natalie

Natalie R. Lien har ikkje like lang fartstid som Martha, men det har vore så kjekt å ha ei slik ung frisk jente med i staben i kyrkja i Rogne. Blikk for reine altardukar vert sett pris på, vakker ringing og anna som høyrer jobben til.

No går vegen vidare til studiar utanfor Valdres. Takk og lykke til. Foto: Line Lien



LYS VAKEN

29.11.24

TEKST OG FOTO: MARIANNE STRAUM

29. november deltok 13 flotte 6.-klassingar på «Lys vaken» i Volbu.

Vi laga puslespel og sopedimar, hadde juleverkstad, dramatiserte «Den barmhjertige samaritan», spelte klokkespel, såg film og kosa oss med pizza. Takk for ein fin dag, og takk til konfirmantar og stab for god hjelp!



KYRKJELEGE HANDLINGAR NOVEMBER 2024 – MARS 2025

DÅP

VOLBU KYRKJE
Sigurd Gullaksen

LIDAR KYRKJE
Anniken Linn Skogen
Jesper Hoel Bang Johansen
Isak Berg Nyhagen
Helmi Espeseth Grønbrekk (Aurdal kyrkje)

LYSKAPELLET
Emily Steinsrud Howells
Hedvig Melbye Skoglund

ROGNE SOKN
Adrian Aasdokken Nyhagen (Tingnes kirke)

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Ingrid Engen
Laila Hilmen Hovi
Laila Myrvang
Ingvar Otto Vestheim
Ivar Eivind Høyeme
Marit Marie Nordli

HEGGE STAVKYRKJE
Marit Grethe Paulsrud

LIDAR KYRKJE
Björg Håkenstad
Jon Mørstad Flotve
Odd Gjerdingen

VIGSEL

LYSKAPELLET
Rosine Kabahire og Kristian Bjerke
Inna Trokhymenko og Erik Sletten

LIDAR KYRKJE
Daria Kapinus og Oleksandr Tsyoma

VELKOMEN TIL KYRKJE!

April

05 04 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00
Kyrkjekipet. Gudsteneste for 2-åringar
ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

06 04 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

13 04 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00
Palmesundag. Høgmesse med dåp ved
sokneprest Eli Vatn

13 04 2025 Ø. S. helsetun kl. 16.30
Palmesundag. Gudsteneste prost Carl
Philip Weisser. Kyrkjekaffi ved Hegge
sokneråd

17 04 2025 Lyskapellet kl. 17.30
Skjærtorsdag. Den gylne time med
nattverd ved sokneprest Eli Vatn

17 04 2025 Volbu kyrkje kl. 19.30
Skjærtorsdag. Høgmesse og dåp ved
sokneprest Eli Vatn

18 04 2025 Vangsjøen kl. 11.00
Langfredag. Påskefjellgudsteneste ved
prost Carl Philip Weisser

18 04 2025 Lidar kyrkje kl. 19.30
Langfredag. Pasjonsgudsteneste ved
sokneprest Eli Vatn

20 04 2025 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Påskedag. Høgtidsmesse og dåp ved
prost Carl Philip Weisser

Mai

04 05 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

04 05 2025 Lidar kyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med dåp ved sokneprest
Eli Vatn

11 05 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

17 05 2025 Volbu kyrkje kl. 09.30
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

18 05 2025 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Samtalegudsteneste ved sokneprest Eli
Vatn

29 05 2025 Ø.S helsetun kl. 11.00
Kristihimmelfartsdag.
Gudsteneste prost Carl Philip Weisser

Juni

01 06 2025 Volbu kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

01 06 2025 Rogne kyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

08 06 2025 Lidar kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

08 06 2025 Hegge stavkyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

15 06 2025 Hegge stavkyrkje kl. 13.00
Gudsteneste og dåp ved prost Carl Philip
Weisser

29 06 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

Konfirmantar våren 2025:

VOLBU KYRKJE 1. JUNI KL.10.30

Alexander Bruland Myrvang
Alfred Gustav Svenson
Randi Rogne

ROGNE KYRKJE 1. JUNI KL. 12.30

Even Andre Fossberg-Ringstad
Even Hesjadalen Linn
Brage Skattebo
Karl Hillestad Sollie
Elida Marie Gudheim
Tilla Huset-Bring
Alma Rabben Lundby
Vår Thon Lønnum
Mari Bie Pettersen
Anne Guri Ringli
Trine Rudi

LIDAR KYRKJE 8. JUNI KL. 10.30

Eirik Brendstuen-Rudi
Tim Ekerbakke
Sivert Lyseng Mørstad
Sigurd Melbye Strand
Vilje Ekerbakke Skrenes

HEGGE STAVKYRKJE 8. JUNI KL. 12.30

Alexander Hegge
Håkon Fystro-Robøle
Kristian Gösta Røine
Line Brusveen

www.skjerikirken.no - Dette er
ei felles infoside om alt som skjer
i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK. /
Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og
opplegg knytt til kyrkjer og
kyrkjeliv i kommunen.

*Redaksjonen ønsker
alle ei god påske.*

Babysong

i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00
8. og 29. april, 13. og 27. mai 2025 .

Babyar mellom null og eitt år er hjarte-
leg velkomne saman med foreldra til ei
koseleg stund med song, musikk og lett
servering.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

i Rogne kyrkjestogo kl.19.00.
7. april 2025

